

DNMI - RAPPORT

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT,
POSTBOKS 43 BLINDERN 0313 OSLO 3
TELEFON : (02) 60 50 90

ISBN
RAPPORT NR.
43/87 KLIMA
DATO
25.11.1987

TITTEL

GJENGEDALSVASSDRAGET.

LOKALE KLIMAENDRINGAR VED UTBYGGING.

UTARBEIDET AV

PER ØYVIND NORDLI

OPPDRAUGSGIVER

SOGN OG FJORDANE ENERGIVERK


OPPDRAUGSNR.

SAMMENDRAG

Det kan bli frostrøyk i streng kulde ved Ommedalselva på strekninga frå kraftverket til Ommedalsvatnet. I gjennomsnitt for året vil det høgst bli 2 dagar. På same strekninga og i dei same versituasjonane vil det kunne bli høgre temperatur, kanskje opp til 2 °C i sjeldne tilfelle.


Dersom reguleringa fører til meir is på fjorden, vil temperaturen der bli lågare. Blir store område islagde i streng vinterkulde, kan det bli 2 °C kaldare, i ekstreme tilfelle 3-4 °C. Tala gjeld nede ved fjorden og vil minke med høgda. Det kan ikkje bli noka endring høgre enn 100 m over fjorden.

UNDERSKRIFT


.....

Per Øyvind Nordli

SAKSBEHANDLER


.....

Bjørn Aune

FAGSJEF

I N N H A L D

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1 Samandrag og konklusjon	1
2 Klimaet i området	2
2.1 Innleiing	2
2.2 Aktuelle meteorologiske stasjonar	2
2.3 Temperatur	4
2.4 Nedbør	7
3 Regulareringsplanane	10
4 Lokale klimaendringar	14
4.1 Verknader ved magasina Storevatnet og Dalevatnet	14
4.2 Auka frostfare ved reduksjon av vassareal	14
4.3 Temperaturendring på grunn av endra islegging	16
4.4 Frostrøyk ved Ommedal	17
5 Litteratur	19

Samandrag og konklusjon

1 Samandrag og konklusjon

Temperatur og nedbørnormalar vart gjevne for nokre meteorologiske stasjonar nær utbyggingsområdet. Dessutan vart data presenterte som viser den årlege variasjonen av temperatur og nedbør.

Reguleringa kan føre til desse endringane i lokalklimaet:

Ved magasina Storevatn og Dalevatn kan temperaturen om våren bli nokre tidels gradar høgre om dagen og nokre tidels gradar lågare om natta. Om vinteren vil det ikkje bli endringar over den nåverande strandlinia, men ved nedtappa magasin og i kaldt vinterver vil det kunne bli opp til 5° kaldare oppå isen.

Det er usikkert om reguleringa vil føre til auka sjanse for nattfrost nær elva nedafor Gjengedal. Verknaden på minimumstemperaturen vil i alle høve bli mindre enn $0,5^{\circ}$.

Det kan bli frostrøyk i streng kulde ved Ommedalselva på strekninga frå kraftverket til Ommedalsvatnet. I gjennomsnitt for året vil det høgst bli 2 dagar. På same strekninga og i dei same versituasjonane vil det kunne bli høgre temperatur, kanskje opp til 2° i sjeldne tilfelle.

Dersom reguleringa fører til meir is på fjorden, vil temperaturen der bli lågare. Blir store område islagde i streng vinterkulde, kan det bli 2° kaldare, i ekstreme tilfelle $3-4^{\circ}$. Tala gjeld nede ved fjorden og vil minke med høgda. Det kan ikkje bli noka endring høgre enn 100 m over fjorden.

Klimaet i området

2 Klimaet i området

2.1 Innleiing

Det norske meteorologiske instituttet, DNMI, har tidlegare gjeve ut ein rapport om dei klimaendringane ein kunne vente ved utbygging av Naustdal/Gjengedalsvassdraget, (Nordli, 1978). Sogn og Fjordane energiverk har nå skilt ut Gjengedalsvassdraget for å sokje om konsesjon for ei separatutbygging.

På førespurnad frå energiverket vil vi nå skrive ein ny rapport for Gjengedalsvassdraget. Vi vil da legge ei ny utbyggingsplan til grunn for rapporten. Den nye planen skil seg lite frå ei av dei tidlegare delplanane. Men da det har gått nesten ti år sidan vår førre rapport, har datagrunnlaget betra seg. Observasjonsserieane på Sandane og Gjengedal har nå vorte lange nok til å kunne brukast statistisk.

Før ein går over til å drøfte eventuelle klimaendringar på grunn av reguleringsa, skal vi gje ei kort orientering om klimaet i området. Mange av dei endringane som ei reguleringsa kan skape, vil vera avhengige av bestemte klimatiske vilkår. Til dømes er det sjeldan omfattande frostrøyk når temperaturen i lufta er høgare enn -15°.


2.2 Aktuelle meteorologiske stasjonar

I sjølve reguleringsområdet finst det ingen meteorologiske stasjonar som mäter temperatur. Dei nærmaste verstasjonane er 5717 Førde i Sunnfjord I, 5718 Førde i Sunnfjord II, 5807 Sandane og 5880 Nordfjordeid. I tillegg til verstasjonane finst det såkalla nedbørstasjonar som utanom nedbøren også mäter snødjupn. Nedbørstasjonen 5799 Gjengedal ligg sentralt i reguleringsområdet, sjå figur 2.1. Høgd over havet og observasjonsperiode for dei nemnde stasjonane er vist i tabell 2.1.

Klimaet i området

Tabell 2.1. Meteorologiske stasjonar nær reguleringsområdet.

Stasjonsnamn	H.o.h.	Periode
5717 Førde i Sunnfjord I	3	1919-1965
5718 Førde i Sunnfjord II	42	1965-
5799 Gjengedal	230	1972-
5807 Sandane	51	1969-
5880 Nordfjordeid	71	1922-1970



Figur 2.1 Skisse over nærområda rundt Gjengedalsvassdraget.

Klimaet i området

2.3 Temperatur

I tabell 2.2 er gjeve den normale lufttemperatur for verstasjonane. Normalen er eit gjennomsnitt for ei 30-årsperiode. For tida er det perioden frå 1931-60 som blir nytta. Dersom ein stasjon ikkje har gått heile denne perioden, kan likevel normalen for stasjonen finnast ved å jamføre observasjonane med nabostasjonar. Normalperioden gjer såleis teneste som ein referanseperiode.

Tabell 2.2 Temperaturnormalar for perioden 1931-60.

5717 Førde i Sunnfjord I	5807 Sandane
5718 Førde i Sunnfjord II	5880 Nordfjordeid

Nr.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	året
5717	-2.2	-2.1	0.9	4.8	9.8	12.5	14.9	14.0	10.5	6.0	2.6	0.2	6.0
5718	-1.0	-0.9	1.6	5.1	9.2	12.2	14.8	14.0	10.8	6.7	3.0	0.7	6.4
5807	-1.1	-0.9	1.2	4.7	9.7	12.1	15.4	14.6	10.4	6.5	3.2	1.9	-6.5
5880	-1.1	-1.3	1.2	4.4	9.1	12.1	14.7	14.0	10.5	6.3	3.0	0.7	6.1

Tabell 2.2 viser at 5717 Førde i Sunnfjord I har noko lågare vinter temperaturar enn dei andre stasjonane. Dette kan forklarast ved at han ligg nede i dalbotnen der det om vinteren er kaldare enn oppe i dalsidene. Om sommaren er det 5807 Sandane som er varmest. Desse differensane mellom stasjonane er likevel så små at skilnaden meir kan vera uttrykk for heilt lokale topografiske ulikskapar enn klimaskilnader som er representative over større område.

Klimaet i utbyggingsområdet er influert av havet som reduserer temperaturkontrastane mellom årstidene. Lågare-liggjande stasjonar på Austlandet har gjerne normalar for sommarmånadene som er 2-3 gradar høgre enn normalane til dei fire stasjonane i tabellen. Normalane for dei kaldaste månadene, januar og februar, kan på Austlandet ligge heile 10° lågare. Derimot vil områda enda lenger vestover mot kysten ha eit meir markert havklima enn reguleringsområdet. Eit ekstremt døme på det er stasjonen 5910 Kråkenes fyr. Jamført med 5807 Sandane er han 2° kjølegare i mai og juni medan han er om lag 3° mildare i månadene november til februar.

Utbyggingsområdet har busetjing i fjordbotnen, d.e. Hyen, i dalbotnen lenger inne i dalen, Ommdal, og endeleg dei høgt-liggjande grendene lengst inne, Rongkleiv, Mjelleim og Gjengedal. Utan mælingar på nokon av desse stadene vil vi likevel gje ei grov vurdering av temperaturklimaet.

Klimaet i området

Hyen har vatn eller fjord på nesten alle kantar. Det spelar ei stor rolle for vintertemperaturen om desse vassflatene er islagde eller ikkje. Vi antar likevel at stasjonane 5807 Sandane eller 5718 Førde i Sunnfjord II vil vera toleg representative for Hyen om vinteren. Om sommaren er etter alt å dømme 5807 Sandane varmare enn Hyen slik at Hyen da er best representert av dei to Førde-stasjonane.

Nokre hundre meter sør for Hyen ligg bygda Å der vassdraget munnar ut i fjorden. I kaldt vinterver vil det vera kaldare enn i Hyen, men mildare enn i Ommedal.

Grenda Ommedalen ligg om lag 5 km frå fjordbotnen i retning innover i landet, sjå figur 3.1. Mellom Hyen og grenada ligg Ommedalsvatnet som er islagt om vinteren. Temperatur-normalane ligg truleg nærmest normalane for 5817 Førde i Sunnfjord I. Kanskje kan den relativt store avstanden til fjorden føre til at staden har ein grad eller to lågare normal enn Førde om vinteren.

Dei tre glandene Rongkleiv, Mjelleim og Gjengedal ligg alle i underkant av 300 m.o.h. Dei er neppe godt representerte av nokon av normalane i tabellen. Hovudregelen er at temperaturen minkar med aukande høgd over havet. Om sommaren kan $0,7^{\circ}$ pr. 100 meter vera eit rimeleg medeltal, men det er avvik frå dette talet alt etter lokale tilhøve. Vi antar likevel at temperaturnormalen for desse glandene er 10° i juni, 13° i juli og 12° i august.

Resten av året er det vanskelegare å estimere ein normal fordi klimavariasjonen med høgde da er meir lokalt influert. Likevel er det klårt at normalen vil vera lågare enn for stasjonane i tabellen for alle månadene i året. I høve til stader nær kysten er medeltemperaturen truleg lågast i mars og april da kystnære område er berre for snø medan noko snø ennå ligg att i desse glandene og i områda ovafor.

Normalar for medeltemperaturen fortel lite om variasjonane i temperaturen frå månad til månad eller frå dag til dag. For å gje eit bilette også av desse variasjonane, er ekstremar for 5807 Sandane gjevne i tabell 2.3. Stasjonen har data for dei siste 19 åra.

Tabellen syner at variasjonen i medeltemperaturen er størst om vinteren og minst om sommaren. Det høgste månadsmedelet i januar kom i 1974 og var heile $4,9^{\circ}$ medan det lågaste kom så sein i 1986 med $-5,2^{\circ}$.

Tabell 2.3

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT
5807 SANDANE

KLIMAAVDELINGEN

KOMMUNE	BREDDE LENGDE	HØH	PERIODE
GLOPPEN	61 47	6 11	51

1969.08 - 1987.04

NORMALER OG EKSTREMER**TEMPERATUR**

JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	AR
-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	----

TEMPERATURNORMALER 1931-60

- 1.1	- 0.9	1.2	4.7	9.7	12.4	15.4	14.6	10.4	6.5	3.2	1.9	6.5
-------	-------	-----	-----	-----	------	------	------	------	-----	-----	-----	-----

HØYESTE MANEDS- OG ARSMIDDEL-TEMPERATUR

4.9	3.2	4.1	6.9	11.2	14.9	15.9	17.1	12.0	8.7	5.5	5.2	7.2
-----	-----	-----	-----	------	------	------	------	------	-----	-----	-----	-----

INNTRAFF AR

1974	1982	1986	1987	1976	1970	1980	1969	1981	1985	1986	1972	1974
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

LAVESTE MANEDS- OG ARSMIDDEL-TEMPERATUR

- 5.2	- 6.8	- 0.8	2.2	7.5	11.0	12.6	12.6	7.3	3.8	- 1.8	- 6.9	5.1
-------	-------	-------	-----	-----	------	------	------	-----	-----	-------	-------	-----

INNTRAFF AR

1986	1986	1970	1970	1979	1981	1974	1979	1976	1980	1985	1981	1979
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

ABSOLUTT MÅKSIMUMSTEMPERATUR

13.6	12.2	13.6	18.2	24.3	28.2	29.0	29.5	24.2	20.4	16.0	15.8	29.5
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

INNTRAFF AR

1971	1978	1972	1987	1978	1970	1982	1969	1974	-1972	1984	1984	1969
------	------	------	------	------	------	------	------	------	-------	------	------	------

ABSOLUTT MINIMUMSTEMPERATUR

-20.0	-17.7	-12.1	-7.5	-3.8	0.8	2.8	2.5	-0.8	-6.4	-13.5	-18.8	-20.0
-------	-------	-------	------	------	-----	-----	-----	------	------	-------	-------	-------

INNTRAFF AR

1982	1979	1979	1970	1981	1981	1979	1973	1972	1980	1969	1978	1982
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

NEDBØR

JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	AR
-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	----

NEDBØRNORMALER 1931-60 I MM

125	100	77	73	50	70	80	80	130	145	120	130	1180
-----	-----	----	----	----	----	----	----	-----	-----	-----	-----	------

STØRSTE MANEDS- OG ARSNEDBØR I MM

387	131	158	134	95	81	112	151	318	419	421	329	1734
-----	-----	-----	-----	----	----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	------

INNTRAFF AR

1983	1973	1973	1973	1973	1981	1974	1974	1975	1983	1978	-1971	1971
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	-------	------

MINSTE MANEDS- OG ARSNEDBØR I MM

32	2	2	7	9	21	18	21	24	50	53	16	963
----	---	---	---	---	----	----	----	----	----	----	----	-----

INNTRAFF AR

1972	1977	1974	1986	1978	1982	1982	1970	1984	1974	1974	1978	1976
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

STØRSTE DØGNNEDBØR I MM

58	28	43	30	23	28	30	37	69	60	68	51	69
----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----

INNTRAFF AR

1971	1981	1985	1976	-1973	1971	1974	1984	1983	1983	1971	-1973	1983
------	------	------	------	-------	------	------	------	------	------	------	-------	------

STØRSTE SNØDybde i CM

71	98	76	32	2					14	46	72	98
----	----	----	----	---	--	--	--	--	----	----	----	----

INNTRAFF AR

1987	1970	1970	1970	-1979					1970	1983	1980	1970
------	------	------	------	-------	--	--	--	--	------	------	------	------

- foran årstallet betyr at samme månedsverdi også har forekommet etter angitt år

Klimaet i området

Den høgste maksimumstemperaturen som er registrert var på $29,5^{\circ}$ og vart observert i august 1969. Den lågaste minimumstemperaturen skriv seg frå 1982 og er $-20,0^{\circ}$.

Desse temperaturane kan ikkje overførast direkte til reguleringsområdet. Det er likevel klårt at dei høgstliggjande grendene ikkje vil kunne få fullt så høge maksimumstemperaturar om sommaren som Sandane. Vidare må ein kunne slutte at ei grend som Ommedal kan ha fleire gradar lågare temperatur enn Sandane i ekstremt kaldt vinterver.


2.4 Nedbør

Når det gjeld nedbør er vi i den heldige situasjonen at det finst ein nedbørstasjon i området, 5799 Gjengedal. Normalar for denne stasjonen er gjevne i tabell 2.4. Stasjonen har ein årsnedbør på 2070 mm. Reguleringsområdet ligg nær Ålfotbreen som er det området i Noreg som er nedbørrikast. Litt sør for breen og vest for reguleringsområdet ligg stasjonen 5778 Grøndalen som har ein årsnormal på 3230 mm. Normalen til 5799 Gjengedal er såleis berre $\frac{2}{3}$ av dette. Årsaka er at Gjengedal er skjerma av fjell ved dei nedbørførande, sørvestlege vindane. Ennå betre skjerming har etter alt å dømme både Ommedal og Hyen slik at nedbøren er ennå mindre der. Mælingane frå vassmerke 2070 ved utlauposen av Veslevatnet viser da også dette. Plasseringa av vassmerket er vist på figur 2.2.

Tabell 2.4 Nedbørnormal for 5799 Gjengedal

jan	feb	mrs	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	Året
203	174	140	145	89	124	131	145	221	261	209	228	2070

På figur 2.2 er gjeve eit avlaupskart for reguleringsområdet. Gjengedal har i følgje kartet eit avlaup på om lag 65 l/s km^2 . Dette tilsvarar 2050 mm i året og passar dermed bra med årsnormalen for nedbørstasjonen.



Klimaet i området

Tabell 2.5 gjev variasjonen i nedbøren for stasjon 5799 Gjengedal i perioden 1973 til 1986. For heile perioden har den gjennomsnittlige årsnedbøren vore 2426 mm som er betydeleg meir enn normalen. Den lågaste årsnedbøren er 1839 mm og den største heile 3535 mm. Den største månadsnedbøren som er observert kom i januar med 683 mm, medan den lågaste månadsnedbøren kom på ettermiddalet eller våren.

**Tabell 2.5 Medelverdiar og ekstremar for nedbør.
5799 Gjengedal**

JAN FEB MAR APR MAI JUN JUL AUG SEP OKT NOV DES	ÅR
Medelverdiar for femårsperiodar:	
1976-1980 160 110 141 95 52 89 93 151 327 234 343 237	2032
1981-1985 295 136 143 137 79 103 104 241 320 433 342 262	2595
Medelverdiar og standardavvik for 1973-1986	
1973-1986 239 123 151 101 81 104 111 183 352 314 349 318	2426
St. avvik 166 86 90 59 61 56 42 79 152 185 149 185	522
Minima, persentilar og maksima	
Minima 65 5 14 18 26 3 62 65 58 70 109 43	1839
Pers 20% 99 59 64 38 36 58 76 106 271 132 236 104	1965
Pers 40% 179 95 103 86 50 95 98 174 324 243 302 266	2115
Median 230 106 183 105 67 99 108 180 343 311 323 325	2295
Pers 60% 250 120 183 115 78 113 110 182 354 343 335 363	2407
Pers 80% 312 246 237 178 132 138 127 236 497 463 441 472	2935
Maxima 683 290 321 196 247 228 233 386 664 777 654 670	3553
Dei fem høgaste verdiene	
683 290 321 196 247 228 233 386 664 777 654 670	3553
449 254 280 189 158 181 147 243 537 465 618 573	3064
312 246 237 178 132 138 127 236 497 463 441 472	2935
285 145 196 137 84 124 125 224 416 446 439 449	2869
255 138 191 117 80 122 116 202 390 345 379 365	2718
Dei fem lågaste verdiene	
65 5 14 18 26 3 62 65 58 70 109 43	1839
84 24 53 19 36 50 73 83 144 107 232 58	1861
99 59 64 38 36 58 76 106 271 132 236 104	1965
117 66 86 48 37 68 78 134 287 177 244 198	1999
119 77 101 84 48 74 94 174 317 232 258 265	2085

Reguleringsplanane

3 Reguleringsplanane

Magasina for regulereringa er to vatn, Dalevatnet og Storevatnet. Ingen av vatna blir oppdemt, berre senka. Dalevatnet ligg 477 m over havet og er planlagt senka til 455 meter. Storevatnet ligg 483 m over havet og er planlagt senka til 450 meter. Sjå fargeplansjen, figur 3.1, og merk det som står nedst på denne sida om stadnamna.

Fleire sideelvar kan førast inn i magasinet. Det er Tverrelva i Ådalen, Stølselva og Tverrelva i Ommedalen.


Langs hovudvassdraget blir dermed vassføringa redusert frå Dalevatnet og ned til Ommedal der utlaupet frå kraftverket er planlagt. Restvassføringa i elva er vist på figurane 3.2 og 3.3.


Vi har støytt på noko uvisse når det gjeld stadnamn i området. Der det har vore ulik bruk, har vi prøvd å leite i andre kjelder etter det rette namnet. Der vi ikke har funne fram til andre kjelder, har vi halde oss til dei namna som står på NGO-kartet 1:50000. Men det har ikke vært praktisk mogleg å rette fargeplansjen i samsvar med dette, da plansjen er laga av andre.

Vi har da desse merknadene til fargeplansjen og til NGO-kartet:


- 1) Ommedalselva. På NGO-kartet står det Åma og på fargeplansjen står det Oma. Både desse namna er reine kartkonstruksjonar i følgje Norsk stadnamnarkiv. Det er også teke kontakt med lokale målsmenn som viser dette. Ommedalselva er kome inn i nyare verk med rett namn. (Sandnes, Stemshaug, 1976).
- 2) Veslevatnet blir på fargeplansjen kalla Avatnet. Vi vil her bruke NGO-nemninga utan at vi har funne sikre prov for kva som er det rette.
- 3) Aelva. Elva frå Veslevatnet til fjorden er namnlæs på plansjen, men heiter Aelva ifølgje NGO-kartet. Det ser ut til å rå noko uvisse om Ommedalselva kan brukast heilt ned til fjorden. Vi har likevel valt å bruke det lokale elvenamnet liksom namnekonsulenten i NGO.

Vi vonar med dette at namnebruken ikkje vil skape forvirring, sjølv om det ikkje blir fullt samsvar mellom fargeplansjen og teksta.





Figur 3.2



Figur 3.3

Lokale klimaendringar

4 Lokale klimaendringar

4.1 Verknader ved magasina Storevatnet og Dalevatnet

Etter reguleringsplanane vil vatna berre bli senka, ikkje heva. Når magasinet er fullt, vil difor vatna praktisk tala bli liggjande slik som i dag og kan da heller ikkje skape endringar i klimaet. Når vatna er nedtappa derimot, vil vassarealet minke og varmeutvekslinga mellom vatn og luft vil bli mindre på grunn av mindre vassareal.


Utover våren før magasinet blir fullt vil reguleringa gje høgre dagtemperaturar, men også lågare natt-temperaturar. Endringane vil gjera seg gjeldande i klårver med lite vind og storleiksordenen vil vera tidels gradar ved den gamle strandkanten. Tilsvarande blir det om sommaren dersom magasinet ikkje er fullt da.

Om vinteren vil reguleringa ikkje føre med seg noka nemnande temperaturendring så lenge ein held seg over strandlina. Dersom ein vil nytte vatna til skisport til dømes, vil ein måtte fara i nivå under den gamle strandlina sidan vatna blir nedtappa i laupet av vinteren. På grunn av vanskelege dreneringstilhøve for eventuell kaldluft i magasinområdet, vil det bli kaldare nede ved isen etter reguleringa enn før reguleringa. Storleiksordenen for denne endringa kan bli opp til 5 gradar i skjeldne tilfelle.

4.2 Auka frostfare ved reduksjon av vassareal

Frostfaren om hausten er størst i klåre netter med liten vind. På grunn av nattleg langbølgja utstråling fell temperaturen. Det lagar seg kaldluft som tek til å gli nedover skråninga og samlar seg i dalbotnen. Er elva tørrlagt, kan ikkje lufta i dalbotnen få varme frå ellevatnet. Er det vatn i elvefaret, får vi ein varmestraum frå vatnet til lufta da vatnet vil vera varmare enn lufta på grunn av at ellevatnet blir seinare avkjølt enn omgjevande luft. Dermed vil den lufta som kjem inn over vatnet bli oppvermt og stige til vers og det kjem i stand ein sirkulasjon som vist på figur 4.1.

Lokale klimaendringar



Figur 4.1 Daltverrsnitt

massen sokke utover natta på grunn av stadig varmetap ved utstråling.

Vanlegvis vil ikkje den oppstigande lufta nå særleg høgt over elva på grunn av stabil lagdeling i luftmassen i dalen. Dermed vil varmetilførsla frå elva koma eit avgrensa luftvolum til gode. Minimumstemperaturane om natta vil dermed bli høgare med elv enn utan elv i dalbotnen. Trass i oppvarminga frå elva vil likevel temperaturen i luftmassen følgje utover natta på grunn av stadig varmetap ved utstråling.

Nå blir ikkje vassdraget tørrlagt, men vassføringa i elva blir sterkt redusert. På årsbasis er reduksjonen som vist i tabell 4.1. Meir detaljert er vassføringsdataene gjevne på figurane 3.2 og 3.3. Restvassføringa er stor nok til at ho gjev eit bidrag til å hindre nattfrost, men det bidraget blir mindre enn under naturlege tilhøve.

Tabell 4.1 Naturelg vassføring og restvassføring, m³/s.

Vassføring i Ommedalselva.	Naturleg vassfør.	Rest vassfør.	Rest i %
Ved Gjengedal	7,8	1,1	14
Etter Rognkleivelva	9,5	2,8	29
Før utlaupet av kr.verket	10,7	3,4	32

Når ein skal vurdere endringar i frostfaren på strekninga, er det naturleg å dele området i tre:

1) Dalevatnet - Gjengedalen. Dalen er her ein U-dal og den nordste dalsida er svært slakk. Her vil det i frostnetter naturelg strøyme kaldluft nedover dalsidene, og dalen får ved dette tilførsle av luft som er upåverka av elva. Sjølv om Slettelva nær blir tørrlagt, vil det ikkje bli auke i nattfrostfaren i dalen.

2) Gjengedalen - Ommedalsvatnet. Dalen er trong spesielt i øvre delen der han går i gjel, likevel med plass til vegetasjon oppover dalsidene. Dalsidene avgrensar eit mindre luftvolum enn lenger oppe som difor blir meir påverka av varmestraumen frå elva. Det er da mogleg at det kan bli auka

Lokale klimaendringar

frostfaren i området på opptil $0,5^{\circ}$ like ved elva. Verknaden minkar oppover med høgda og nærmar seg null to-tre timetrar over elva. Vi gjer merksåm på at vi under utrekninga av dette kan ha fått stor uvisse i resultatet, $0,5^{\circ}$ må bli sett på som ei øvre grense for det som er mogleg.

Denne strekninga har busetjingane Gjengedal, Mjelleim og Rongkleiv. Desse gardane ligg høgt over det området som kan bli påverka av reguleringsa.

3) Ommedalsvatnet. Vatnet syter for at det ikkje kan bli auka fare for nattfrost langs strandene.

4.3 Temperaturendring på grunn av endra islegging

Temperaturendring ved Ommedal. Ommedalselva kjem til å bli gåande open frå utlaupet ved kraftstasjonen til osen i Ommedalsvatnet. I streng vinterkulde vil det da kunne bli mildare på strekninga. I skjeldne tilfelle kan endringa nær elva koma opp i 2° , men vil minke med avstanden frå elva og høgda over dalbotnen. Denne strekninga kan også i skjeldne tilfelle få frostrøyk, sjå kapittel 4.4.

Temperaturendring ved Hyefjorden. Iskontoret ved NVE har vurdert istilhøva på fjorden, (Pytte Asvall, 1987). Der heiter det at istilhøva på fjorden er avhengige av køyringa av kraftverket. Om magasinet blir köyrt ut jamt, vil det berre skape ubetydelege endringar i istilhøva. Dersom kraftverket blir köyrd for fullt i ein periode med kaldt vinterver, kan det bli meir is enn nå.

Ved jamn drift vil dermed reguleringsa ikkje føre til nokon endring i temperaturtilhøva. Men dersom isen på fjorden skulle leggje seg i kaldt vinterver på grunn av reguleringsa, vil det bli kaldare ved fjorden. Frå den innste delen av Nordfjorden (ved Stryn) er det funne at temperaturen kunne bli om lag 2° lågare med is enn utan is dersom det kom inn over fjorden ei luftmasse ved temperatur -5° (Nordli, 1981). Ved luftmassetemperatur -10° , vart det funne verknader på 3° til 4° .

Verknaden ved Hyefjorden kan bli av same storleik. Tala ovafor refererer seg til tilhøva nede ved fjorden. Dei vil minke med avstanden frå fjorden og høgda. Hundre meter over fjorden vil det truleg ikkje kunne bli nokon verknad. Kor ofte det kan bli verknader av endra islegging, er uråd å finne sålenge ein ikkje kjenner köyreplanen av kraftverket. I alle høve kan ikkje verknaden av isen gjera seg gjeldande

Lokale klimaendringar

på andre tider enn i kaldt vinterver. Kor ofte det er kaldare enn -6° , viser tabell 4.2.

4.4 Frostrøyk ved Ommedal

Som allereie nemnt vil Ommedalselva bli gåande open frå det planlagde kraftverket nord for Ommedal til osen av Ommedalsvatnet. I streng vinterkulde vil det da bli frostrøyk over elva. I sjeldne tilfelle kan også frostrøyken spreie seg innover land. Dersom ein hadde hatt god kjennskap til klimaet i området, kunne ein ha rekna ut kor ofte det ville ha skjedd. Avgjerande for frostrøykdanning er temperatur og stabilitet i luftmassen.

I kaldt vinterver med Hyefjorden open, vil vindretninga vera ned dalen i dei aller fleste tilfella. Mellom kraftverket og Hyen har fjorden to innsnevringar, den første mellom Ommedalsvatnet og Veslevatnet og den andre langs Åelva ved nordosen av Veslevatnet. Vi reknar med at desse innsnevringane er effektive nok til å redusere utfallsvinden såpass at frostrøykdanning er mogleg.

Tabell 4.2 Temperaturfordeling for 5807 Sandane
Observasjonar gjort kl 07.

Talet på tilfelle i gjennomsnitt pr.månad og år								
Frå og med til ($^{\circ}$ C)	< -20	-18	-16	-14	-12	-10	-8	-6
	-20	-18	-16	-14	-12	-10	-8	-6
Januar	0.2	0.2	0.4	0.9	1.2	1.1	2.2	
Februar		0.1	0.1	0.7	1.1	1.7	2.4	
Mars					0.2	0.6	1.0	
November				0.1	0.3	0.4	0.8	
Desember		0.1	0.1	0.5	0.7	1.4	1.6	
Året	0.2	0.3	0.6	2.3	3.6	5.2	8.0	

I tabell 4.2 er gjeve temperaturfordelinga i kaldt vinterver for stasjonen 5807 Sandane. Antar vi at utfallsvinden ikkje hindrar frostrøyken og at temperaturane frå Sandane også gjeld for Ommedal, kan vi rekne ut det gjennomsnittlege talet på frostrøyktilfelle i året ved hjelp av ein empirisk formel. Resultatet vart da ein halv dag med frostrøyk. Nå vil det i praksis vera kaldare på Ommedal enn på Sandane i

Lokale klimaendringar

kaldt vinterver. Antar vi at det er 2° kaldare, gjev det 1 frostrøykdag i året, blir det 4° kaldare gjev det 2 frostrøykdagar i året.

I praksis vil det vera slik at det kalde vinterveret som kan skape frostrøyken er svært ujamt fordelt over vinteren og også mellom vintrane. Ein situasjon som fører til 4 dagar med frostrøyk i ei veke til dømes, er slett ikkje utenkjeleg, heller ikkje at det kan koma fleire vintrar på rad utan frostrøyk.

Vi kan samanfatte dette med å seia at det blir høgst 2 frostrøykdagar i gjennomsnitt pr. år ved den strekninga av Ommedalselva som blir gåande open frå kraftverket til Ommedalsvatnet. Vi har da berre rekna den frostrøyken som er kraftig nok til å koma innover land. På grunn av vinddraget som i dei aller fleste tilfelle er retta ned dalen, kan vanskeleg frostrøyken spreie seg til områda ovafor utlaupet frå kraftverket der dei fleste gardane i Ommedal ligg.

Litteratur

5 Litteratur

Pytte Asvall, Randi. 1987. Gjengedalsvassdraget. Virkninger av utbygging på vanntemperatur- og isforhold. NVE.

Nordli, Per Øyvind. 1981. Klimaverknader på grunn av is i indre Nordfjord og Lovatnet. DNMI, Klima nr. 4.

Nordli, Per Øyvind. 1978. Om moglege endringar i lokalklima ved vasskraftutbygging i Naustdal og Gjengedal. DNMI.

Sogn og Fjordane energiverk. 1986. Førebels utkast til konsesjonssøknad.

Sandnes, Jørn og Stemshaug, Ola. 1976. Norsk stadnamnleksikon. Det norske samlaget, Oslo.